



Arkivsaknr: 2024/5276-10
Sakshandsamar: Nadia Margrethe Molland
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornying av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 frå 01.10.24 - 30.09.28 - museumssenteret i Hordaland - avd Lyngheisenteret

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om skjenkeløyve av alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 for skjenking i eige verksemd – Museumssenteret i Hordaland, Lyngheisenteret, Lurevegen 1575, 5912 Seim, org.nr 971 34 9743 vert innvilga.

Kjersti Linn Bakke er styrar for skjenkeløyve. Vibeke Døsvik Haukeland er avløysar. Det er eit vilkår at Kjersti Linn Bakke har dokumentert bestått kunnskapsprøve i alkohol i samsvar med alkohollova § 1-7 c og dessutan etablererprøven for serveringsløyve.

Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl. 10.00 til kl. 02.00 med følgjande unnatak: Søn- og heilagdagar startar skjenking frå klokka 12.00.

Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er frå klokka 13.00 til klokka 01.00 alle dagar.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Museumssenteret i Hordaland org.nr 971 34 9743 er innvilga skjenkeløyve for alkoholholdig drikk for perioden 01.10.20 – 30.09.24. Det søkjast om fornying av skjenkeløyve i perioden 01.10.24- 30.09.28.

Styrar: Kjersti Linn Bakke, Lurevegen 927, 5912 Seim.

Avløysar: Vibeke Døsvik Haukeland, Vardane 158, 5911 Alversund

Saksopplysningar

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (alkoholova § 1- 6).

Lyingheisenteret har vedtaksfesta føremål å ivareta kulturlandskapet med kystlyingheiene og kystkulturen vår. Dette gjerast med ei aktiv drift der dei produserer og foredlar mat og virke på tradisjonelt vis. Dokumentasjon, forskning, undervisning, formidling og næringsverksemd er din viktig del av dette

Museumssenteret i Hordaland avd Lyingheisenteret, Lurevegen 1575, 5912 Seim har søkt om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2 og 3 i tidsrommet 01.10.24 til 30.09.28.

Det er søkt skjenkeløyvet på følgjande arealer: Matstova - ca 100 m2 - 80 sitteplasser Møterom 55 m2 - 35 sitteplasser Auditorium + hall i kjeller ca 160 m2 - 70 sitteplasser Uteareal like utenfor for Matova, 50 m2 - 36 sitteplasser Uteareal i tilknytning til kokegrop og grill omlag 20 m frå infobygg 100 m2 - 50 sitteplassar Uteserveringa er i perioden mars til oktober.

Vurdering

Søknaden har vore til uttale hjå politi, nav og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden.

I forbindelse med endring av styrar og dagleg leiar er det søkt om nytt serveringsløyve for Lyingheisenteret. Saka er under behandling. Ny dagleg leiar har ikkje tatt etablererprøven pr d.d. som er eit krav for å få innvilga serveringsløyve.

Stedfortredar for løyvet Vibeke Døsvik Haukeland har bestått kunnskapsprøva i alkoholova for skjenkeløyve. Styrar Kjersti Linn Bakke har ikkje tatt kunnskapsprøve pr. d.d.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknad om skjenkeløyve vert innvilga frå 01.10.24 – 30.09.28 med vilkår om at styrar har dokumentert bestått både kunnskapsprøven i alkoholova, og dessutan etablererprøven for serveringsløyve før skjenking kan skje.